



Branntryggleiken ved skulen i Uskedalen er stort sett god og under branntilsynet for stutt tid sidan vart det sagt at ein har fått gode rutinar for rømning, både på grunn av gode øvingar og ein del feilalarmar.

Dette skriv branningeniør Stein Kyrre Kvinge i rapporten sin etter tilsynet.

Men han skriv også at i Aktivitetshuset gjenstår noko før tryggleiken er akseptabel.

Ein del rot i rømningsveggar må fjernast snarast. Ein trimsykkel, eit anna treningsapparat og ei rekkje bord var plasert i rømningsveggar, slik at den utnyttbare bredda var snevra inn.

Avvik om feil overflate i rømningsveg i Aktivitetshuset og manglande brannteikningar er ikkje retta og vert oversendt som vedtak om pålegg.

Byggsakskontoret vert informert om at det manglar klassifiserte dørar i Aktivitetshuset.

Opplæring av nyttilsette og vikarar blir gjennomførte på varierende vis. Det er noko ulik praksis mellom skulen og barnehagen, men ingen av stadane dokumenterte opplæringa. Det er eit krav at opplæring av tilsette skal dokumenterast.

Av Ola Matti Mathisen